HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus
5021 Bergen
**MIKROBIOLOGISK AVDELING (MIA)**
**TLF: 55 97 47 00**

Fødselsnr

Navn

Adresse

Poststed ☐ Kvinne ☐ Mann

Rekvirentkode
Rekvirentens navn
og adresse

Prøven tatt dato kl

Prøvetaker

Klinisk problemstilling:

## Analyse:

☐ **IGRA-TB** (Quantiferon-TB)

## Inkubering:

Fra: Dato: ______________ Klokkeslett: ______________

Til: Dato: ______________ Klokkeslett: ______________

## Prøven er:

☐ Usentrifugert

☐ Sentrifugert (prøven må oppbevarast **og transporterast** kjøleg)

# IGRA-TB (Quantiferon)
# Prøvetaking og prøvehandtering

## Prøvetaking

- Prøve skal takast med standard venepunksjon
- Frå kvar pasient skal det tappast blod på 3 spesialrøyr med høvesvis grå, raud og lilla kork
- Kvart røyr skal fyllast med 1 ml blod. Feil prøvevolum kan føre til feil analyseresultat. Vakuumet i røyret sikrar korrekt blodvolum
  - ➢ Ved bruk av butterfly-kanyle skal det først tappast eit kasteglas for at vakuumet i prøverøyret ikkje skal bli øydelagt av lufta i slangen
  - ➢ Røyra trekkjer blodet relativt sakte, så lat dei få 2 – 3 sekunder ekstra på nåla etter at dei tilsynelatande er fylt opp
  - ➢ Ein svart strek på prøverøyret markerer korrekt fyllingsvolum
  - ➢ Røyra kan fyllast i valfri rekkefølgje

## Prøvehandtering etter at prøven er tatt

Prøverøyret inneheld heparin og antigen. Det er viktig at blodprøven blir blanda godt med desse komponentane.

- Rett etter at prøven er tatt, skal røyra ristast 10 gangar. Ristinga skal vera så kraftig at den innvendige overflata av røyret er heilt dekka av blod, men ein må unngå å rista så kraftig at gelproppen slepper taket i røyret.
- Prøven skal inkuberast snarast mogeleg – og seinast 16 timar etter prøvetaking.
  - ➢ Dersom prøven ikkje blir inkubert med ein gang etter prøvetaking, skal den oppbevarast ståande ved 17 °C – 27 °C . Innhaldet skal også blandast på nytt (sjå ovanfor) like før den blir sett inn i inkubatoren
  - ➢ Inkubasjontemperatur: 37 °C
  - ➢ Inkubasjonstid: 18 – 24 timar
- Etter inkubering skal prøve som hovudregel sendast usentrifugert til Mikrobiologisk avdeling.
  - ➢ Laboratorium som kan sørgja for kjøletransport av prøven og som gjer særskilt avtale med Mikrobiologisk avdeling om det, kan sentrifugera prøven før sending.
    - ✓ Usentrifugert prøve skal oppbevarast mellom 2 °C – 27 °C og er då haldbar i 72 timar etter avslutta inkubasjon.
    - ✓ Sentrifugert prøve skal oppbevarast kjøleg (mellom 2 °C – 8 °C), **også under transport til laboratoriet** og er då haldbar i 4 veker.

## Meir informasjon

- www.analyseoversikten.no (søk etter IGRA-TB)

Instruksjonsvideo om prøvetaking og pre-analytisk handtering av prøven: http://youtu.be/neBY4woLc6c